



Hardanger / Voss kompetanseregion
Vurderingsgruppa

VURDERINGSRAPPORT



Øystese barneskule

19. – 21. oktober 2004.



Hardanger / Voss kompetanseregion *Vurderingsgruppa*

1 FØREORD

Regionalt samarbeid om vurdering og kvalitetsutvikling

Med utgangspunkt i Stortingsmelding nr. 28 (1998-99) "Mot rikare mål", vart det sett i gang eit 3-årig nasjonalt prosjekt: "Ekstern deltaking i lokalt vurderingsarbeid". Hordaland søkte, men kom ikkje med i prosjektet.

Likevel var signala der, og kommunane vart oppmoda om å jobba med kvalitetsutvikling og vurdering. Desse signala er forsterka i Kvalitetsutvalet si delinnstilling av 14. juni 2002 "Førsteklasses fra 1. klasse".

Skulesjefane/dei skulefagleg ansvarlege i kommunane i Hardanger/Voss har såleis vedteke å oppretta ei vurderingsgruppe i regionen. Regionen består av mange små kommunar som kvar for seg ikkje maktar å gjennomføra ekstern vurdering. I det regionale samarbeidet er økonomiske og personlege ressursar samla og nytta på tvers av kommunegrensene på ein god og effektiv måte.

Føremålet er at vurderingsgruppa skal vera til hjelp i arbeidet med pedagogisk kvalitetsutvikling i skulen.

- Sikra kvalitetsutvikling
- Erkjenning av at skulen treng, og kjem til å få "auge utanfrå"
- Ekstern hjelp i vurderingsarbeidet
- Oppfylle kravet i Opplæringslova om kommunen sitt ansvar for å sjå til at skulane jamleg vurderer si eiga verksemd

Kven er vurderar ?

10 personar i Hardanger/Voss er medlemmer i vurderingsgruppa. Dei har brei og variert pedagogisk bakgrunn, og skal vurdera dei 48 grunnskulane i regionen i løpet av 6 år, dvs. 8 skular pr år. Vurderingsgruppa gjennomfører vurdering på ein skule, og ingen vurderer skular i eigen kommune.

Kva gjer vurderarane ?

- Skulen vel eit fokusområde for vurdering, i samråd med skulefagleg ansvarleg i kommunen
- Vurderarane førebur sjølve vurderinga gjennom eit fyrste møte med skulen, utarbeiding av kriterium, metodeval og verktøy tilpassa det skulen ynskjer fokus på.
- Sjølve vurderinga vert gjennomført.

Rapporten

Vurderarane skriv ein rapport om resultatet av vurderinga. Rapporten trekker fram verksemda sine sterke sider, og kva utfordringar skulen har. Han gjev også informasjon om rammene for vurderinga – tidsbruk, metodeval, verktøy m.m.

Vurderinga tek ikkje mål av seg til å gje eit fullstendig bilete av skulen, men kanskje eit bidrag til kva ein skal arbeida vidare med innan det fokusområde som er vurdert. Det er ynskje at dei reiskapar og metodar som har vorte nytta, kan overførast til det interne vurderingsarbeidet skulen årleg arbeider med.



Hardanger / Voss kompetanseregion *Vurderingsgruppa*

2 FAKTA OM SKULEN

Øystese barneskule er ein fulldelt barneskule med 2 grupper på kvart trinn. Skuleåret 2004-2005 er det 36 tilsette og 241 elevar. Det er 27 lærarar, 1 leiar for SFO, 8 assistentar og ein kontorfullmektig på deltid.

Det er 32 barn i SFO.

Skulen sin visjon : Skulen vil samarbeida med heimen om å skape eit positivt skulemiljø der heile mennesket blir teke vare på og der tilhøva ligg til rette for at alle kan trivast og utvikla seg.

Hovudmål : Øystese barneskule vil arbeida for at alle elevar får eit godt fysisk og psykososialt miljø som fremjar helse, trivsel og læring.

3 VURDERINGSTEMA

Skulen ville sette fokus på spesialundervisning med fylgjande hovudoverskrifter:

- Dei ytre rammene
- Tildelingskriterie
- Samarbeid mellom kontaktlærar og spesiallærar

Etter fyrste møte mellom skulen og vurderarane vart ein einige i fylgjande tema:

Spesialundervisning med vekt på ytre rammer og samarbeid.

4 KRITERIUM/KVALITETSKRAV

Kriterium tyder her krav til kjenneteikn på god kvalitet. Dei fastsette kriteria er henta frå lov, regelverk, læreplanverk og skulen sine egne planar.

Når vurderarane gjennomfører ei vurdering, vert kriterium samanlikna med den informasjon som er samla om temaet gjennom intervju og observasjon på skulen, i tillegg til dei dokument som skulen har lagt fram.

Kriterium i denne rapporten er utforma av vurderarane og godkjende av skulen.



Hardanger / Voss kompetanseregion Vurderingsgruppa

Vurderingstema: Spesialundervisning med vekt på ytre rammer og samarbeid

KRITERIUM	TEIKN PÅ GOD PRAKSIS
Skulen vektlegg det spesialpedagogiske området	<ul style="list-style-type: none">-rektor og skule har god kunnskap om elevane sine rettar (§5.1)-skulen har spesialpedagogisk team som kan gje fagleg og organisatorisk rettleiing-det er tett samarbeid mellom kontaktlærar og dei som underviser i spesialpedagogikk-det er avsett tid til samarbeid etter oppsett plan-assistentar samarbeider med og får rettleiing frå pedagog-fordeling av skulen si tildelte tidsramme vert lagt fram for kollegiet-den konverterte tidsressursen for byrdefulle undervisningsoppgåver vert tildelt i samråd med involverte partar-skulen set inn personale med spesialkompetanse på opplæringsområdet t.d. fysioterapeut og logoped-rektor, kontaktlærar og spesialpedagog deltar på ansvarsgruppemøte
Eleven får tilpassa og likeverdig opplæring.	<ul style="list-style-type: none">-eleven trivst.-eleven er sosialt inkludert i ei årstrinnsgruppe-eleven får så langt det er fagleg forsvarleg tilpassa opplæring innanfor klassen si ramme-eleven har IOP-plan utarbeidd i samarbeid med foreldre, PPT og skule-skulen har systematisk samarbeid med PPT-skulen har samarbeid med hjelpemiddelsentralen, kompetansesentra og helsetenesta der dette er naudsynt
Eleven når læringsmåla	<ul style="list-style-type: none">-IOP-planen synleggjer eleven sine sterke sider-i planen står det på kva område eleven kan delta i årstrinnet sine ordinære undervisningsopplegg-i planen står det på kva for område eleven har bortfall frå læreplanverket-planen har tydelege læringsmål både på lang og kort sikt-innhald i planen skal seia noko om lærestoff, aktivitetsområde og arbeidsmåtar-planen vert evaluert kvart halvår for dokumentasjon av nådde mål og oppsett av nye mål-eleven og foredra tek del i evalueringsarbeidet-eleven sin plan vert samordna med klassen sin plan
Skulen organiserer spesialundervisninga ut frå eleven sine behov	<ul style="list-style-type: none">-arbeidsplass og rom er tilpassa eleven-skulen har nødvendig utstyr, inventar og læremiddel til eleven ut frå sakkunnig uttale frå PPT-skulen og heimen samarbeider om tidsbruk og organisering: i klasse med ekstra lærar eller assistent, i gruppe eller i einetimar-skulen kan vera fleksibel i bruk av tidsressursen utan at dette går utover eleven sine rettar



Hardanger / Voss kompetanseregion
Vurderingsgruppa

5 DELTAKARAR I VURDERINGA

Interne : Kontaktlærarar, spesialpedagogar og assistentar ved skulen.

Eksterne : 3 vurderarar frå vurderingsgruppa i Hardanger/Voss.

Grunngjeving for val av informantar :

I vurderingsarbeidet er det svært viktig å involvera dei partane det gjeld.
I ei vurdering av skulen sitt pedagogiske arbeid, er det naturleg å involvera alle dei tilsette som

Det var skulen i samråd med vurderarane som gjorde dei aktuelle vala om kven som skulle vera informantar.



Hardanger / Voss kompetanseregion Vurderingsgruppa

6 TIDSBRUK

Det er avsett 1 veke til å vurdera ein skule. Dette inneber i hovudsak ein dag der vurderarane møter skulen for fyrste gong for avklaringar og planlegging. Under sjølve vurderinga, er vurderarane på skulen i inntil 3 dagar. Skulen får ein førebels rapport umiddelbart etter vurderingsdagane. I forkant og undervegs arbeidar vurderarane med informasjon, metodar, verktøy og oppsummeringar.

Å gjennomføra ei kvalitetsvurdering på 3 dagar er knapp tid og inneber ei avgrensing av vurderinga.

TID	TILTAK	ANSVAR
Juni-august 2004	Skulen melder inn vurderingstema	Skulen
20.09.04 veke 39	Møte mellom vurderingsgruppa og skulen for gjensidig presentasjon og endeleg fastsetjing av vurderingsområde. Vurderingsgruppa får planar og anna relevant informasjon frå skulen. Skulen vert førelagt framlegg til tidsplan for vurderinga og framlegg til kriterium. Vi drøfter endringar og ynskje.	Begge partar
Veke 39	Skulen melder endringsframlegg attende til vurderingsgruppa innan torsdag 23.09. Vurderingsgruppa lagar spørjeskjema til dei informantane skulen vel ut.	Skulen Vurderingsgruppa
Veke 40 Veke 41 er haustferie	Skulen godkjenner eller kjem med endringsframlegg til skjema. Skulen administrerer utfyllinga og sender i lukka konvoluttar til vurderarane. Vurderarane bør ha desse så raskt som mogleg.	Skulen
Veke 42	Oppsummering av spørjeskjema. Utarbeiding av samtaleguidar og observasjonsskjema.	Vurderingsgruppa Vurderingsgruppa
Veke 43	Vurderingsveka: 19.,20. og 21. oktober Tysdag og onsdag : Vurderingsgruppa har samtale/intervju/observasjon med dei informantane skulen og vurderingsgruppa vel ut. Skulen set opp ein plan for dette og finn høveleg rom. Vurderingsgruppa arbeider med informasjonsdata ettermiddag og kveld. Torsdag: Fellesmøte mellom personalet og vurderingsgruppa for framlegging av førebels rapport.	Begge partar
Veke 44	Endeleg rapport og vurderingsdokument vert sendt skulen og Kvam herad.	Vurderingsgruppa
Veke 45	Skulen vert bedne om å gje ei evaluering av vurderingsopplegget, og senda til vurderingsgruppa	Skulen
Haut 2004	På rektormøte deler rektor sine erfaringar m.m. med dei andre skulane i kommunen. Rapporten vert lagt ut på regionen si nettside.	Kommunen/ regionen



Hardanger / Voss kompetanseregion Vurderingsgruppa

7 METODAR

Tema og tid til rådvelde verkar inn på val av metode. Vanlege metodar er dokumentanalyse, spørjeskjema, krysskjema, individuelle- og gruppesamtalar, møte og observasjon.

I denne vurderinga er følgjande metodar nytta:

Dokumentanalyse

Skulen gav vurderarane diverse relevante dokument som til dømes verksemdsplan og strategisk plan for 2003-2006.

Kriterium og teikn på god praksis

Vurderarane utarbeidde framlegg til kriterium og teikn på god praksis. Dette med utgangspunkt i L-97, Opplæringslova, Kultur for læring, rettleiing i spesialundervisning (regelverk, prosedyrar og prosessar).

PÅ det fyrste møtet med skulen vart framlegget presentert, og små endringar vart gjort i fellesskap.

Spørjeskjema

I forkant av skulebesøket sende vurderarane ut tre ulike spørjeskjema, eitt til kontaktlærarane, eitt til spesialpedagogane og eitt til assistentane. Desse vart fylt ut og returnert til vurderarane for oppsummering.

Oppsummering av spørjeskjema

Oppsummeringa av spørjeskjema viste kva område vurderarane måtte hente inn meir informasjon om.

Verktøy for vidare informasjonsinnhenting

For å kunna henta inn enda meir info om temaet, laga vurderarane samtaleguidar for kontaktlærarane og spesialpedagogar.

Kort observasjon i alle grupper, unnateke 1. og 5.årstrinn.

Vurdering

Vurderarane føretok ei vurdering, ved å spegla utsegnene frå dei tilsette mot utarbeidde kriterium og teikn på god praksis.

Utifrå vurderinga fann vurderarane område som syner sterke sider og område skulen kan arbeida vidare med innan vurderingsområdet.



Hardanger / Voss kompetanseregion
Vurderingsgruppa

**8 SKULEN SINE STERKE SIDER INNAN
VURDERINGSOMRÅDET**

- Stor toleranse og god sosial inkludering av spesialelevar
- Gode innarbeidde rutinar på småskuletrinnet
- Rikeleg med systematisert materiell og utstyr
- Engasjerte lærarar og spesialpedagogar
- Godt samarbeidsklima blant kollegaene
- Laupsaprosjektet

Elles:

- God orden
- Dagsplan i alle rom
- Flott bibliotek
- Tillitsfulle og opne elevar
- Lærarar som gav uttrykk for at det var lett å spørja kollegaer om hjelp
- Stort og variert uteområde som innbyr til ulike aktivitetar



Hardanger / Voss kompetanseregion
Vurderingsgruppa

**9 SKULEN SINE UTVIKLINGSOMRÅDE INNAN
VURDERINGSOMRÅDET**

- Oppretta eit forum for drøfting av spesialundervisning.
- Gjera seg kjent med materiell og utstyr.
- Bruka IOP som eit arbeidsreiskap.
- Gjera grupperomma meir funksjonelle og estetiske.
- Utarbeida retningsliner for arbeidsfordeling mellom administrasjon – kontaktlærer – spesialpedagog.
- Vurdera bruken av tidsressursen.



Hardanger / Voss kompetanseregion
Vurderingsgruppa

**10 UTDJUPING AV STERKE SIDER INNAN
VURDERINGSOMRÅDET**

Stor toleranse og god sosial inkludering av spesialelevar

- Det synes som om lærarane har vektlagt dette arbeidet
- Ved kort observasjon i klassane såg ikkje vurderarane kven som var spesialelev

Gode innarbeidde rutinar på småskulesteget

- Vi opplevde rolig start av dagen
- Tydeleg gjennomgang av plan for dagen
- Inn- og utlevering av bøker

Rikeleg med systematisert materiell og utstyr

- Omvisning synte at skulen hadde omfattande og ryddige samlingar av materiell til spesialundervisning
- Vi såg og konkretiseringsmateriell

Engasjerte lærarar og spesialpedagogar

- Lærarane var opptekne av spesialelevane sin faglege og sosiale utvikling
- Tillit til administrasjonen
- Vurderarane vart tekne godt imot og kjende seg velkomne
- Opne og ivrige i intervjusituasjonen

Godt samarbeidsklima blant kollegaene

- Gav tydeleg uttrykk for at det var lett å spørja kvarandre om hjelp

Laupsprosjektet

- Viktig som førebyggjande arbeid
- God sosial trening for elevane



Hardanger / Voss kompetanseregion *Vurderingsgruppa*

11 UTDJUPING AV UTVIKLINGSOMRÅDA

Oppretta eit forum for drøfting av spesialundervisning

- Ønske frå lærarane om eit fagleg forum der dei kan utveksla erfaring og idear.
- Viktig å dra nytte av den store kompetansen i kollegiet.
- Betre forståing for andre sine utfordringar og arbeidssituasjon.

Gjera seg kjent med materiell og utstyr

- Mykje materiell på skulen
- Mange av lærarane har ikkje oversikt over kva som finst
- Uttrykkjer eit "skrikande" behov for å gjera seg kjent med det

Bruka IOP som eit arbeidsreiskap

- Planen bør vera mest mogleg konkret med omsyn til mål, arbeidsmåtar og organisering
- Den skriftlege planen bør vera tilgjengeleg i det daglege arbeidet
- Det vert lagt ned mykje arbeid i utarbeiding av IOP, og då må det letta det daglege arbeidet
- Alle som arbeider med eleven skal kjenna innhaldet i planen
- Dei må og lesa referata frå ansvarsgruppemøta

Gjera grupperomma meir funksjonelle og estetiske

- Stor kontrast mellom trivelege klasserom og grupperom
- Kalde og upersonlege rom
- Bruken vert redusert då grupperomma vert nytta til andre føremål, t.d. kunst og handverk og kopiering

Utarbeida retningsliner for arbeidsfordeling mellom administrasjon – kontaktlærer – spesialpedagog

- Frustrasjon blant lærarane om kven som hadde ansvar for opplæring/informasjon til assistentar
- Ulikt syn på kven som har ansvar for utarbeiding av IOP
- Vanskeleg å finna tid til samarbeid mellom pedagogar og assistentar grunna ulikt avtaleverk
- Kontaktlærer og spesialpedagog bør setja av fast samarbeidstid

Vurdera bruken av tidsressursen (lærar- og assistenttimar)

- Lærarar meinte at knappe ressursar kunne nyttast betre
- Ønske om kontinuitet i bruken av spesialpedagogar og assistentar
- Ønske om større fleksibilitet av organiseringa



Hardanger / Voss kompetanseregion
Vurderingsgruppa

12 VIDARE ARBEID ETTER OKTOBER 2004

Utviklingsområde	Idear
Oppretta eit forum for drøfting av spesialundervisning	Oppretta eit utvida team, liknande det skulen hadde tidlegare.
Gjera seg kjent med materiell og utstyr	Bør vera ein årleg gjennomgang av materiellet og bruken av det. Viser til skulen sitt oppslag om kvar materiellet er plassert.
Bruka IOP som eit arbeidsreiskap	Alle som arbeider med eleven skal ha den delen av planen som gjeld mål, tiltak og organisering for hand. Planen kan anonymiserast. Kontaktlærer, spesialpedagog og assistent bør gå gjennom planen saman for å få felles forståing. Det same gjeld referat frå ansvarsgruppemøta.
Gjera grupperomma meir funksjonelle og estetiske	Ryddda romma. Elevarbeid på veggane pyntar opp.
Utarbeida retningsliner for arbeidsdeling mellom administrasjon – kontaktlærer – spesialpedagog	Sjå under utdjupeing av utviklingsområde Viser elles til årsplan for spesialpedagogisk arbeid.
Vurdera bruken av tidsressursen (lærer – og assistenttimar)	Meir samorganisering av ressursane på årstrinna . Administrasjonen bør leggja til rette for dette.

6 månader etter at skulevurderinga finn stad, vil rektor rapportera attende til skulesjef/skulefagleg ansvarleg korleis skulen har arbeidd med utviklingsområda sine. Det politiske fagutvalet vil få ei orientering.

Øystese den 21. oktober 2004.

Rannveig L.Alvsåker

Inger Selin Hansen

Willy Solberg

Vurderingsgruppa i Hardanger/Voss



Hardanger / Voss kompetanseregion
Vurderingsgruppa

Vedlegg 1.

PÅSTANDSSKJEMA - KONTAKTLÆRARANE

	Påstandar	4	3	2	1	0
	<i>Set kryss under 4 dersom du er heilt samd i påstanden, nedover mot 0, då er du heilt usamd i påstanden.</i>					
1	Eg har tett samarbeid med spesialpedagogen.					
2	Eg har avsett tid til samarbeid etter oppsett plan.					
3	Eg rettleiar og samarbeider med assistent.					
4	Eg meiner eg er med i diskusjonen om fordeling av skulen si ramme til spesialundervisning.					
5	Eg er med i diskusjonen om tildeling av konvertert tidsressurs.					
6	Eg deltar på ansvarsgruppemøte.					
7	Eg meiner at eleven er godt sosialt inkludert i gruppa.					
8	Eg meiner eleven får fagleg forsvarleg opplæring i gruppa.					
9	Eg har utarbeidd IOPlanen i samarbeid med spesialpedagog.					
10	Eg har utarbeidd IOPlanen i samarbeid med foreldre.					
11	Assistentane kjenner mål og innhald i IOPlanen til eleven.					
12	Eg får god nok rettleiing i utarbeiding av IOPlanen.					
13	Eg bruker IOPlanen som eit godt reiskap i den daglege undervisninga.					
14	Eg samordnar eleven sin IOP med klassen sine planar.					
15	Arbeidsplass og rom er tilpassa specialeleven.					
16	Skulen har nødvendig utstyr, inventar og læremiddel til spesialundervisninga.					
17	Skulen er fleksibel i organisering av spesialundervisninga.					



Hardanger / Voss kompetanseregion
Vurderingsgruppa

Vedlegg 2.

PÅSTANDSSKJEMA - SPESIALPEDAGOGANE

	Påstandar <i>Set kryss under 4 dersom du er heilt samd i påstanden, nedover mot 0, då er du heilt usamd i påstanden.</i>	4	3	2	1	0
1	Eg samarbeider tett med kontaktlæraren.					
2	Eg rettleiar og samarbeider med assistent.					
3	Eg er med i drøftinga om fordeling av skulen si ramme til spesialundervisning.					
4	Eg er med i drøftinga om tildeling av konvertert tidsressurs.					
5	Eg deltar på ansvarsgruppemøte.					
6	Eleven er godt sosialt inkludert i gruppa.					
7	Eleven får fagleg forsvarleg opplæring i gruppa.					
8	Eg har utarbeid IOPlan i samarbeid med kontaktlærer.					
9	Eg har utarbeid IOPlan i samarbeid med foreldre.					
10	Assistentane kjenner mål og innhald i IOPlanen.					
11	Eg samarbeider med PPT i utarbeiding av IOPlanar.					
12	Eg nyttar IOPlanen som eit reiskap i den daglege spes.undervisninga.					
13	Eg og kontaktlærer samkøyrer IOPlan og klassen sin plan.					
14	Arbeidsplass og rom er tilpassa eleven.					
15	Skulen har nødvendig utstyr, inventar og læremiddel til spes.undervisninga.					
16	Skulen er fleksibel i organisering av spesialundervisninga.					
17	Det er rom for drøfting av organisering og gjennomføring av spes.undervisning i kollegiet.					



Hardanger / Voss kompetanseregion
Vurderingsgruppa

Vedlegg 3.

PÅSTANDSSKJEMA - ASSISTENTANE

	<i>Påstandar</i> <i>Set kryss under tala, 4-heilt samd, nedover mot 0, heilt usamd.</i>	4	3	2	1	0
1.	Eg samarbeider med kontaktlæraren.					
2.	Eg samarbeider med spesialpedagogen.					
3.	Det er avsett tid til samarbeidet etter oppsett plan.					
4.	Eg er verdsett som ein del av teamet rundt eleven.					
5.	Eg er inkludert i kollegiet.					
6.	Eg får relevant informasjon om eleven.					
7.	Eg får nødvendig opplæring i det som gjeld arbeidet mitt.					
8.	Eg kjenner mål og innhald i IOPlanen til eleven.					
9.	Eg får ansvar for oppgåver knytt til eleven.					
10	Det er rom for meningsutveksling om opplegg og gjennomføring.					



Hardanger / Voss kompetanseregion
Vurderingsgruppa

Vedlegg 4.

Samtaleguide for spesialpedagogane.

1. **Samarbeid**
 - a) Korleis er samarbeidet med kontaktlærar?
 - b) Korleis er samarbeidet med assistent?
 - c) Korleis kan samarbeidet gjerast enda betre - kva andre løysingar ser de?
 - d) Kva opplæring får assistentane som er knytt til spesialeleven?
 - e) Korleis kan assistentane betre inkluderast i kollegiet?

2. **Skulen sine rammer.**
 - a) Korleis skjer tildeling av timar til spesialundervisning?
 - b) Kven får konverteringsressurs ved skulen, og på kva grunnlag tildeler skulen desse timane?
 - c) Kven er med på ansvarsgruppemøta?

3. **Tilpassa og likeverdig opplæring.**
 - a) Korleis er den sosiale inkluderinga av spesialelevane?
 - b) IOP arbeid oppfattast ulikt. Kva rutiner har de ved utarbeiding/evaluering av desse? (foreldre, PPT og evt. andre instansar)
 - c) Korleis nyttar de IOP planen i den daglege undervisninga?

4. **Organisering av spesialundervisninga.**
 - a) Korleis er de nøgde med arbeidsplass, rom og utstyr til spesialundervisninga?
 - b) Korleis er det med rom for drøfting av organisering og gjennomføring av spesialundervisninga?
 - c) Kor fleksibel er skulen i organiseringa av spesialundervisninga?



Hardanger / Voss kompetanseregion *Vurderingsgruppa*

Vedlegg 5.

Samtaleguide for kontaktlærarane.

1. **Samarbeid**
 - a) Korleis er samarbeidet med spesialpedagog ?
 - b) Korleis er samarbeidet med assistent?
 - c) Korleis kan samarbeidet gjerast enda betre - kva andre løysingar ser de?
 - d) Kva opplæring får assistentane som er knytt til spesialeleven?
 - e) Korleis kan assistentane betre inkluderast i kollegiet?

2. **Skulen sine rammer.**
 - a) Korleis skjer tildeling av spesialtimar ved skulen?
 - b) Kven får konverteringsressurs ved skulen, og på kva grunnlag tildeler skulen desse timane?
 - d) Kven er med på ansvarsgruppemøta?

3. **Tilpassa og likeverdig opplæring.**
 - a) Korleis er den sosiale inkluderinga av spesialelevane?
 - b) IOP arbeid oppfattast ulikt. Kva rutiner har de ved utarbeiding/evaluering av desse? (foreldre, PPT og evt. andre instansar)
 - c) Korleis nyttar de IOP planen i den daglege undervisninga?

4. **Organisering av spesialundervisninga.**
 - a) Korleis er de nøgde med arbeidsplass, rom og utstyr til spesialundervisninga?
 - b) Korleis er det med rom for drøfting av organisering og gjennomføring av spesialundervisninga?
 - c) Kor fleksibel er skulen i organiseringa av spesialundervisninga?



Hardanger / Voss kompetanseregion *Vurderingsgruppa*

Vedlegg 6

Dette såg vi :

Småskoletrinnet:

- Lyse, trivelege klasserom
- Ryddige rom, god orden
- Visualisering av emnet gruppene jobba med
- Dagsplan gav god informasjon i alle rom
- Vi såg gode innarbeidde rutiner
- Fin arbeidsro
- God atmosfære
- Flott song og øving til FN -dagen
- Lærar som handhilste på elevane før dei gjekk inn i klasserommet
- God start på dagen med felles song og bøn
- Lite inspirerande grupperom
- Såg spesialundervisning av einskild elevar og grupper
- Spesialpedagog sat på huk - mangla høveleg arbeidsstol
- Flott trimøkt til musikk i klasserommet
- Elevar som leste høgt for kvarandre i smågrupper
- Bilete av kvar elev, og tre positive utsegner knytta til dei
- Med i leseprosjektet "Lesekompis"

Mellomtrinnet:

- Rolege og engasjerte elevar
- Dagsplan på tavla
- Fint elevarbeid på veggane
- Tydelege teikn frå Olweus sitt prosjekt
- Avskjerma ekstra arbeidsplassar i 6. klasse
- God arbeidsro
- Individuelle arbeidsplassar med kontorstolar i 7. klasse
- Mykje materiell og rikeleg utval av lesebøker
- Med på leseprosjektet "Jorda rundt på 80 dagar"